

Sjå, mørkret sigrar aldri over lyset

Tekst/melodi: Sindre Skeie (2012)
Omsetjing til nynorsk: Jan Ove Ulstein (2013)

G D Em Em/D

Sjå mør - kret sig - rar al - dri o - ver ly - set Lat håp - ets

C A/C# Dsus4 D G C Hsus4 E7

flam - me ski - ne sterk og klar. for en - no kjem - par no - kon for det go - de, og en - no

Am C/D D7 G

de - lar no - kon det dei har

1. Sjå, mørkret sigrar aldri over lyset.
Lat håpets flamme skine, sterk og klar!
For enno kjempar nokon for det gode,
og enno deler nokon det dei har.

2. Sjå, freden lever i den gode striden,
så reis deg opp og kjemp for andres rett!
Då skal du aldri frykte mørkers makter,
det er i mørket flammene blir sett.

3. Iblant vil striden stele dine krefter, du
kjenner sorga over tap og svik,
du trur at alt du gav, har gjort deg fattig,
men i din fattigdom er du blitt rik.

4. Eit mørker kviler enno over jorda,
men born av lyset finst det overalt:
Sjå, nokon opnar døra for ein flyktning,
og nokon reiser opp ein venn som fall.

5. Kvar finst det brød til alle folk i verda
om ikkje du vil dele med din bror?
Vi pustar alle i den same lufta,
og lever på den same vesle jord.

6. Må ingen lenger hegne om sitt eige! Må
dei som herskar, ofre alt for fred!
Må dei som trur dei kjempar heilt åleine
få sjå kor mange fleire som er med.

7. Sjå, Verdast Lys rir inn i våre gater.
No stig ein song om fridom i vår by,
høyr, også vi vil vere born av lyset
og tenne håpet: Jorda skal bli ny!